



Opplæringsavdelinga v/Marianne Haaland

Søknad om oppretting av klasse for utprøving av praksisbrevet på utdanningsprogramma Bygg -og anleggsteknikk og Restaurant og matfag skuleåret 2016- 2017.

Vi viser til informasjon frå HFK.

Austrheim vidaregåande skule ynskjer opprette klasse med utprøving av praksisbrev innan utdanningsprogramma Bygg- og anleggsteknikk og Restaurant og matfag.

I inneverande skuleår har vi ei klasse innan begge desse utdanningsprogramma. I PULS oversikt, sjå under kjem et fram at hovudtyngda av elevane sine føresetnader på begge utdanningsprogramma er kategorien grunnleggjande og enkel kompetanse. Vi har i dag henholdsvis 13 elevar på Vg1 byggfag og 12 på Vg1 RM.

	Austrheim VGS (14-15)	Austrheim VGS (15-16)	1BAA (15-16)	1RMA (15-16)
Gjennomsnitt karakterpoengsum	37,9	38,1	32,1	32,7
1 Høy kompetanse (>= 50 poeng)	9,5 %	7,7 %	0,0 %	0,0 %
2 God kompetanse (40,0 – < 50 poeng)	29,5 %	32,4 %	16,7 %	0,0 %
3 Grunnleggjande kompetanse (30 - < 40 poeng)	44,4 %	46,6 %	58,3 %	77,8 %
4 Enkel kompetanse (< 30 poeng) (I faresonen)	16,6 %	13,4 %	25,0 %	22,2 %

Ut frå vårt kjennskap til elevgrunlaget frå ungdomsskular som søker oss er det ei stor elevgruppa som slit med motivasjon for ordinære opplegg. Vi har ikkje tru at vi har stort nok nedslagsfelt til å fylle opp to klasser, men ser det som mogeleg å kunne gi eit tilbod om 6-7 plasser på Vg1 Bygg- og anleggsteknikk og det same på Vg1 Restaurant og matfag. Vi ville da ha elevane saman på skulen i fellesfaga. Vi har i dag lukkast å gje elevane på RM tilbod om 1 dags utplassering i faget prosjekt til fordjuping etter haustferien. Også elevar på VG1 bygg- og anleggsteknikk får tilbod om utplassering første skuleåret. Vi ser det derfor som fullt mogleg å skaffe til veie naudsynt tal praksisplassar på dei to utdanningsprogramma.

Det er noko uklart kva finansiering som følgjer ei slik klasse, men ei løysing på vår skule vil innebere tett samarbeid mellom dei lærarar som får ansvar for denne klasse saman med faglærarar på ordinære Vg1 kursa innan desse utdanningsprogramma.

Kvar år i januar arrangerer vi rådgevarmøte for rådgjevarar i dei 10 ungdomsskulane som rekrutterer flest elevar til oss. Vi vil såleis ikkje ha noko problem med å gjere tilbodet kjent i regionen, enten på januarmøte eller i opphøgjande kontakt.

Vi står gjerne til teneste med utfyllande informasjon om ynskjeleg.

Austrheim, 30.november 2015

Kjersti Haugland, rektor